

Styremøte 7-2016 - Referat

Måndag 17. oktober 2016 kl. 18:00 hos Inge

Desse deltok: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Inge Bakke.

Saker

1. Planlegging av lagshus

Bygger'n har levert ei ny planteikning. Ho må godkjennast av styret før det kan lagast fasadeteikningar og kostnadsorverslag.

VEDTAK:

Dør frå opphaldsrom til garasje er ikkje naudsynt. Dermed kan også slusa takast vekk. Ellers vil vi bytte om på plasseringa av vasken og toalettet, og dusjen og døra inn til toalettrommet.

Med desse forandringane godtek styret framlegget som det ligg føre.

2. Prisar for slipping

Styret meiner det er rimeleg at slippmannskapet blir kompensert med rett til gratis slipping. Styret meiner at dei som leiger plassar i hamna skal ha rett til å slippe til medlemspris.

Begge desse punkta bør vedtektsfestast.

VEDTAK

Framlegg til vedtektsendring i årsmøtet:

§11 Framleige av båtplassar får eit nytt punkt 3:

Leigar har rett til å nytte slippen til medlemspris.

§5 Styret får eit nytt punkt 4 under «Styremedlem»:

4. Styremedlem kan knyte til seg eit slippmannskap på maksimalt 4 medlemmar i tillegg til seg sjølve. Slippmannskapet kan nytte slippen til eigen båt utan kostnad.

3. Bom på slippen

Kjettingen foran slippen fungerer ikkje etter hensikten.

VEDTAK

Inge sjekker pris på bomløsningar.

MØTET SLUTT